

# Fråsegner til Planprogram for rullering av fylkesdelplan for arealbruk i Sogn og Fjordane fylke

Arkivsak 15/8600

Avsender dato	part	Innheld i fråsegna	Kommentarar frå administrasjonen
27.08.15	Avinor	Avinor har ikkje kommentarar til planprogrammet.	Ok
14.09.15	Høyanger kommune	Kommunen forventar at fylkesdelplanen for arealbruk ikkje gjev føringar som avgrensar det enkelte regionsenter eller kommunesenter si mogelegheit for å utvikle handel- og servicetilbodet, eller som gjer det vanskeleg å oppretthalde grunnleggande tilbod innan varer og tenester. Fylkesdelplanen bør gje føringar som sikrar utvikling av attraktive tettstader og bymiljø, og fylket bør vurdere behov for konkrete retningsliner/føresegner for dette. Kommunen meiner det bør vurderast om handel og service langs E39 og E16 bør vere tema i planprogrammet. Dei tek atterhald om evt. politisk handsaming.	Revisjonen av kap. 3.2.4 inneheld utgreiing av konsekvensane av utvidingar eller avgrensingar i høve dagens situasjon og dagens retningsline.  Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet, der eit utgreiingstema allereie gjeld stadutvikling og det er ikkje noko hinder i utgreiingstema for at områder langs E39 og E16 kan vurderast.
18.09.15	Direktoratet for mineralforvaltning (Dirmin)	Direktoratet viser til sitt ansvarsområde og nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging der regjeringa forventar at: « <i>fylkeskommunen og kommunene sikrer tilgjengelighet til gode mineralforekomster for mulig utvinning, avveiling mot miljøhensyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for, og tilgangen på byggeråstoff ses i en regional sammenheng.</i> »	Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet der nasjonale forventingar er ein del av rammevilkåra for planarbeidet.
25.09.15	NHO Sogn og Fjordane	NHO peikar på behovet for oppdatering av planen frå Nordfjord og frå Førde. Med desse sakene som bakteppe meiner NHO at planen bør endrast slik at han vert meir eigna til å handtere utviklinga knytt til handel og service. NHO ser fram til ei rullering av planen slik at han vert meir i samsvar med næringslivet sine behov i dag og i framtida. NHO meiner at kommunane bør få langt større handlefridom over disponering av eige areal, både til bustad og til næring. Når behova kjem i konflikt med eksisterande planar, bør det inn i framtidig planarbeid og dessutan takast opp på rett forvaltningsnivå med tanke på liberalisering/endring.	Revisjonen av kap. 3.2.4 inneheld utgreiing av konsekvensane av utvidingar eller avgrensingar i høve dagens situasjon og dagens retningsline.  Innspelet om behova for næringslivet og aktiv bruk av plan/planendring, også for liberalisering/endring vert teke med vidare i arbeidet, sidan denne er noko meir generell i høve samfunnsutvikling, enn Førde kommune sitt innspel om å demme opp for handelslekkasje.
25.09.15	Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)	NVE har ingen innspel til planarbeidet.	ok

28.09.15	Vågsøy kommune	<p>Vågsøy kommune ser positivt på at det vert sett i gang arbeid med rullering av delar av fylkesdelplan for arealbruk for å vurdere endringar i kap. 3.2.4 «Etablering av kjøpesenter. Kommunen peikar på noko kortare høyringsfrist enn lova fastset på 6 veker. Opplisting av innspel til planprogrammet:</p> <p>*I kap.2.5 er det uttalt at det skal lagast føresegner for sentrums- og handelsområder som skal leggast til grunn i den kommunale planlegginga for etablering av kjøpesentra. I kap.4.1. er det uttalt at konsekvensutgreiinga skal peike på vidare utgreiingsbehov i samanheng med kommuneplanar eller reguleringsplanar, men det skal ikkje gjerast lokale analyser og vurderingar i fylkesdelplanen. Vågsøy kommune meiner lokale analyser og utgreiingar må kome først og deretter kan det lagast føresegner for sentrums- og handelsområder som påverkar utviklinga av kommunen og regionen kring kommunen. I følgje kap. 2.5 skal lokalisering av kjøpesenter framstilla i kart, noko som krev lokale vurderingar i tillegg til nasjonale og regionale. Omfanget av planarbeidet bør ut frå dette inkludere lokale vurderingar.</p> <p>*Under kap.4.3 metode er det vist til at gjeldande fylkesdelplan er 0-alternativet. Vågsøy kommune meiner 0-alternativet er gjeldande kommunedelplanar med tilhøyrande reguleringsplanar, medan gjeldande fylkesdelplan er alternativ 1. Alternativ 2 er nytt framlegg til fylkesdelplan.</p> <p>*Innspel til den regionale handelsanalysa:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Kartlegging av handelslekkasje til ulike regionar.</li> <li>✓ Vurdering av korleis e-handle vil påverke handel og utvikling av handelsområder i framtida.</li> </ul> <p>*Som ein del av den regionale handelsanalysa eller som ein del av utgreiingane i samband med planarbeidet bør ein sjå på m.a. følgjande</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Innverknader og erfaringar knytt til samlokalisering med offentlege funksjonar som t.d. knutepunkt (skyss-stasjon), sjukeheim m.m.</li> <li>✓ Kva retningsliner bør/må knytast til utforming av kjøpesenter for at dei skal fungere godt i sentrumsområder?</li> <li>✓ Vurdere korleis kjøpesenteret får indirekte verknader som følgje av</li> </ul>	<p>Vågsøy kommune peikar på mange utfordringar i planarbeidet, både med omsyn til prosess, framdriftsplan, metode/faktagrunnlag og har konkrete innspel til planprogrammet.</p> <p>Administrasjonen vurderer Vågsøy kommune sitt innspel som ein særrelevant refleksjon kring korleis det er mogeleg å få utforma konkrete føresegner i ein ny plan. Det er likevel slik at fylkeskommunen i dette tilfellet bør ta ansvaret for dei samla regionale utgreiingane i denne saka og at det skal vere mogeleg å framstille områder for handel i kart, basert på konklusjonane i handelsanalysa og basert på dei lokale og regionale utgreiingane.</p> <p>Administrasjonen meiner det kunne vere relevant i ei samla rullering av heile arealbruksplanen med ei inndeling som Vågsøy gjer framlegg om, men i dette høvet avgrensast alternativa ut frå målsetjinga med planarbeidet, som er avgrensa.</p> <p>Innspela vert teke inn som underpunkt i kap. 5.1.</p> <p>Innspela vert teke inn som ein del av planarbeidet slik:</p> <p>Punktet kan omformulerast noko og takast inn i som underpunkt i kap. 5.2.7 Stadutvikling</p> <p>Punktet vert teke med vidare for utforming i sjølve planen og retningslinene, jamfør også Førde sine konkrete innspel.</p>
----------	----------------	--	--

		<p>funksjonar som t.d. møteplass, sosial innverknad på lokalsamfunn, identitet, leikeplass, opplevingar m.m.</p> <p>✓ Kva retningsliner bør/må leggast til grunn for vurdering av plassering i forhold til m.a. gangvegsystem, gangavstandar, knutepunkt, offentlige funksjonar, tettheit og omland m.m.</p> <p>*Under utgreiingstema er det for alle utgreiingstema vist til at det skal nyttast eksisterande kommunale, interkommunale eller regionale kartleggingar. Det bør i større grad leggast opp til å nytte ny fagleg kompetanse til å vurdere konsekvensar av ein ny plan. Spesielt under kap. 5.2.2. Samfunnsøkonomi, levevilkår og næringsutvikling samt kap. 5.2.7 Stadutvikling er det viktig å nytte fagkompetanse til nye utgreiingar som kan leggast til grunn for vurdering av konsekvensar av ny plan. Det er vanskeleg å tenke seg at det eksisterer faglege utgreiingar som kan leggast til grunn for vurdering av konsekvensar ved ny plan. Det hadde og vert opplysande og interessant å vite kva utgreiingar som ligg føre og som kan nyttast til å vurdere konsekvensar av ein ny kjøpesenterstruktur, særskilt når det kjem til prissette konsekvensar og verknader for samfunnsutvikling i den einskilde kommune og region.</p> <p>*Under framdriftsplanen er det lagt til grunn at handelsanalyse og KU skal utarbeidast før det skal vere dialog med kommunane. Desember kommune er avsett til dialog, og det er lagt opp til høyring i januar og februar. Denne framdriftsplanen ber preg av at det ikkje er sett av tid til å utarbeide planen i dialog med kommunane. Det dette løpet gir lite rom for politisk og verksemderelatert deltaking og det er ikkje realistisk med innspel frå kommunane eller næringa før etter offentleg ettersyn. Vågsøy kommune ber om at det i større grad vert lagt opp til at planen vert utarbeidd i samarbeid med kommunane og at ein i større grad involverer handelsstanden. Det kan t.d. oppretta arbeidsgrupper, arrangerast arbeidsverkstad eller liknande, for å få tidleg innspel til planarbeidet. Kommunen peikar på at planprogrammet har mange skrivefeil og offentlege</p>	<p>Punktet omformulerast noko og takast inn som underpunkt i kap. 5.2.7 Stadutvikling</p> <p>Punktet vert teke med vidare for utforming i sjølve planen og retningslinene, jamfør også Førde sine konkrete innspel.</p> <p>Administrasjonen vurderer at innspelet om høve til å nytte fagleg kompetanse, i tillegg til eksisterande utgreiingar, til å vurdere konsekvensane av ein ny plan takast inn i pkt. 5.2.2 og 5.2.7. Til ynske frå kommunen om at ein visste no kva utgreiingar som ligg føre regionalt og lokalt, er det å seie at konsekvensutgreiinga vil måtte vise dette. Administrasjonen ser at utgreiingsprogrammet er noko omfattande og det kan by på store utfordringar å kunne prissette konsekvensar og verknader for samfunnsutviklinga i regionen, innanfor rammene av planarbeidet.</p> <p>Framdriftsplanen er lagt ut frå avtale med Førde kommune og områdeplan for Brulandsvellene. Vågsøy kommune peikar på ein rekke svakheiter i høve medverknad og involvering opp mot gjennomføring av prosessen. Administrasjonen vil legge fram ein ny framdriftsplan som sikrar desse omsyna, slik at prosessen gjev høve til både utgreiingane, medverknad og høyring gjennomførast på ein fagleg god måte.</p>
--	--	---	--

		dokument bør ha eit betre nynorsk skriftspråk	Skrivefeil og språkform vert arbeidd med i dokumentet.
29.09.15	Førde kommune	<p>Kommunen er særstakt positive til at rulleringa no vert sett i gang, sidan det har vore ein plan med utfordringar i høve handelsutviklinga i Førde og regionen. Kjøpesenterforskrifta seier at kjøpesenter berre kan etablerast eller utvidast i samsvar med godkjende fylkesplanar/-delplanar med retningslinjer for lokalisering av varehandel og andre sørvisfunksjonar. Gjeldande plan legg hinder for utvikling av handel etter prinsipp som gjeld i dag og framtida og «storhandlespark» kjem inn under definisjonen av «kjøpesenter».</p> <p>Kommunen har med utdrag av føresegner og retningslinjer frå vedteken arealandel i kommuneplanen for Sanderplassen-Brulandsvælene storhandelspark frå vedteken og for Øyrane-Hafstad med oppstart av områderegulering for Indre Øyrane. Kommunen ber fylket ta omsyn til vedtekne planar i rulleringa.</p> <p>Generelt: I kap. 2.1. meiner kommunen at det også bør vere eit mål å legge til rette for handelsetableringar i fylket som gjer at fylket ikkje taper i handelskonkuransen med Åsane og Moa, slik at ein i større grad legg til rette for å redusere handelslekkasjen. I kap. 5.1. peikar kommunen på den regionale handelsanalysen som kommunen fekk gjort i samband med områdeplan for Brulandsvælene. Kommunen er nøgd med framdriftsplanen, sidan arbeid med områdeplan Brulandsvælene ventar på endleg avgjerd frå denne rulleringa.</p>	<p>Førde kommune sine planar er ein av to initiativ som gjer at ei avgrensa rullering av arealbruksplanen vert gjort no.</p> <p>Administrasjonen vurderer at Førde kommune sine innspele og også konkret eksempel på føresegner og retningslinjer kan vere til god nytte i utforminga av den endelige planen og vi tek dette med oss i det vidare arbeidet.</p> <p>Administrasjonen tek innspelet til vitande, men at målsetjinga høver i verdiskapingssamanheng, ikkje i utforming av retningslinjer her og heller ikkje knytt opp mot nasjonale råmer for arbeidet.</p> <p>I kap. 5.1. står det at fylkeskommunen vil ha med dei analysane som nyleg er gjort i samband med planarbeidet for Brulandsvælene, slik at kommunen sitt syn her er ivaretakne.</p>
25.09.15	Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum	Bergen Sjøfartsmuseum har ikkje kommentarar til endringar knytt til planarbeidet. Dei gjer greie for ansvarsområdet sitt og at konkrete saker skal varslast gjennom fylkeskommunen.	Ok.
29.09.15	Gulen kommune	Gulen kommune har ingen merknader til planprogrammet	OK
02.10.15	Sogn og Fjordane Bondelag	«Sogn og Fjordane Bondelag har gått gjennom planprogrammet og retningslinjene i kapittel 3.2.4. Sogn og Fjordane Bondelag har ikkje grunnlag for å gje uttale på kor vidt dei avgrensingane som ligg i høve til nyetableringar, geografi og arealbruk i gjeldande plan bør endrast. Eit overordna mål med planarbeidet er effektiv arealbruk. I det ligg det mellom anna å følgje opp nasjonale mål om jordvern og redusere nedbygginga av matjord. Sogn og	Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet der nasjonale mål for bl.a. jordvern er ein del av rammevilkåra for planarbeidet.

		Fjordane Bondelag meiner dette må komme sterkare til uttrykk i den delen som omhandlar kriteria for lokalisering av handels- og tenestetilbod. Det bør kome inn eit eige punkt i retningslinjene som stiller krav til arealutnyttinga. Vi meiner at dette er viktig for å sikre at arealbruken ikkje fører til unødvendig nedbygging av dyrka jord.»	
02.10.15	FNF i Sogn og Fjordane	<p>FNF meiner:</p> <p>«Planprogrammet legg opp til eit kvalitativt godt arbeid innanfor aktuelle tema og det er særstak positivt. Det er også nemnt at i «den grad det er føremålstenleg skal planarbeidet og utgreiingane også kunne nyttast inn i ein større revisjon av fylkesdelplanen». Dette er tildels positivt. Det er nemnt på side 3 i planprogrammet at planen er 15 år gammal. Ikke berre byane og tettstadane har utvikla seg monaleg på denne tida, men også dei fleste andre område dekt av ein slikt plan har det. Difor meiner vi det hadde vore meir ryddig å rullere heile fylkesdelplanen for arealbruk samla.</p> <p>Ein avgrensa rulling kan i beste fall gje eit balansert og oppdatert verktøy på nokre område og vi håper at det vert ei god og brei prosess som kan nyttast vidare i neste rulling av heile arealdelen.</p> <p>Ein overordna regional plan bør legge alle omsyn til grunn i avvegning av bruk av areala og samstundes følgje opp nasjonale retningsliner der dette er aktuelt t.d. innan jordvern, natur, miljø og friluftsliv som vi er spesielt opptekne av.»</p> <p>«Nasjonale mål for ivaretaking av matjord og jordbruksareal har vore klar. I eit brattlendt fylke med samla stort press på flatare areal, kjem jordvernet ofte under press. Dette er eit særstak viktig tema inn i denne planen og vi ber om at jordvernet vert sett høgt i prosessen.»</p> <p>FNF peikar på 3 utfordringar: arealmangel, arealbrukskonfliktar, og infrastruktur vegsamband.</p> <p>FNF meiner det er ein utfordring å lage eit godt planverktøy som ein ønskjer skal nyttast vidare i planlegginga, der omsyn til nasjonale politiske retningslinjer vert lagt inn, medan regionale og lokale politiske miljø i mindre grad vel å følgje opp dei same.</p> <p>FNF seier at pkt. 2.1., underpunkt om transportval, der det er særstak viktig at dette ligg i botn i overordna planverktøy og positivt og viktig at dei nasjonale mål, pkt.</p>	<p>Innspelet om at heile arealbruksplanen burde vore rullert samstundes takast til vitande, og administrasjonen kan vere samd i at høve til å fange utviklinga som hovudregel bør gjerast i ein heilskap og gje det balanserte og oppdaterte verktyet som FNF peikar på. Det er vedteke at det skal gjennomførast ei avgrensa rulling og ein intensjon om oppstart av full rulling i 2016.</p> <p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet med planen og skal også vere dekka av bl.a. råmene for planarbeidet og utgreiingstema 5.2.1</p> <p>I utgreiingsarbeidet er dette innspelet ei hjelpe til å tenke systematisk på utfordringane våre framover, samstundes kan ikkje administrasjonen seie seg samd i at regionale og lokale politiske miljø i mindre grad vel å følgje opp desse utfordringane.</p> <p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.</p>

	<p>2.3 vert tekne inn i planen, tilpassa forhold i fylket.</p> <p>Kap. 2.4. Kunnskapsgrunnlaget seier FNF: «Vi oppmøder om at planarbeidet samlar empirisk kunnskap som visast i planen om:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kva er i hovudsak konsekvensane for sentrum i ein by eller tettstad når det kjem eit kjøpesenter utanfor?</li> <li>2. Korleis har den faktiske trafikkutviklinga vore når ein stor del av handelen vert trekt ut av sentrum?</li> <li>3. Kva er den aktuelle populariteten til store varehus i andre land?</li> </ol> <p>Innleiingsvis til punktet står det kun omtala tilpassa dagens struktur- og utvikling for ulike tema. Vi oppmøder om at ein også legg inn kunnskap om komande trender og utvikling framover i tid for desse områda; befolningsstruktur og -utvikling samt kjøpekraftsutvikling. Demografiske trender og/eller svekka kjøpekraft har endra populariteten til kjøpesentra i USA og i land i Europa vi kan samanlikne oss med (Detroit USA, Tyskland). Dette vil vere relevant kunnskap å trekke inn i eit planverkty for tema handels- og kjøpesentra.»</p> <p>Til kap 3 og 4 har FNF merknader som støttar opp under formuleringane, og FNF meiner utgreiingane bør gjerast så omfattande at dei kan nyttast vidare. Til kap. 5.2.1 og vidare har FNF følgande konkrete innspel:</p> <p>«Definisjon av tema er bra, men vi ønskjer at tema friluftsliv og folkehelse vert trekt inn her (jmf pkt 5.2.5). Grunngjevinga er at både nærfriluftsliv og turstiar for friluftsliv gjerne skal kunna starte sentrumsnært og/eller bustadnært i høve regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Då må viktige nærfriluftsområde, grønnkorridorer for dagleg aktiv transport og stiar som fører til andre friluftsområde ut i frå sentrumsområde vere kjende for å kunne takast inn i planarbeidet.</p> <p>Her kjem ein gjerne til kort ved berre å bruke eksisterande materiale slik at ein brei og god prosess for medverknad vert naudsynt i tillegg for å hente inn nyare og oppdatert informasjon. Dette heng også i lag med punkt 5.2.5 Friluftsliv, folkehelse, tilgjenge, gang- og sykkelnett og barn og unges vilkår, eit punkt som også må knytast opp med arealbruk og som difor må sjåast i samanheng. Vi støtter elles definisjonane under dei her ikkje nemnde punkta og meiner dei også er viktige å</p>	<p>Innspelet i pkt 1 kan oppfattast som ein annan innfallsvinkel til samla konsekvensar av kjøpesenter utanfor ein tettstad, noko som ligg i delar av ulike utgreiingstema, det same gjeld pkt 2. Pkt. 3 oppfattar administrasjonen som ikkje fullt ut mogeleg å gjennomføre i ein regional avgrensa planrullering, men det er teke inn eit punkt om e-handel og handelslekkasje i kap. 5.1. Planprogrammet tek ikkje høgde for ein scenariotenking i høve både tilhøva i USA og Europa.</p> <p>Innspelet til kap 3 og 4 takast med vidare i saka, men administrasjonen meiner ein må avgrense planarbeidet for å halde seg innan dei faglege rammene for arbeidet. Det vert oppfatta at samla vurdering av innspelet seier at det er ynskjeleg frå FNF at utgreiingane bør gjerast meir omfattande, også slik at dei kan nyttast vidare.</p> <p>Til innspelet om endringar i kap 5.2.1 og 5.2.5 er det sjølvsagt at desse fagområda vil grense mot einannan, men inndelinga må også gjerast konsekvent i formulering av tema, der tema ikkje bør ha særleg overlapp. Konsekvensutgreiingane må baserast på tilgjengelege kunnskap, men jamfør kommentaren til fråsegna frå Vågsøy opnast det på desse punkta 5.2.1 og 5.2.7 til også ytterlegare faglege vurderingar.</p>
--	--	--

	<p>utgreie i ein avgrensa rullering.»</p> <p>FNF har også kommentarar til gjeldande retningsliner i vedlegg til brevet.</p>	Innspelet vert teke med vidare i utforminga av plan og retningsliner.
--	---	---